



**Nordfjord vassområde**  
Vestland vassregion

# Årsmelding 2020





## Innhald

1. Forord .....	3
2. Om Nordfjord vassområde .....	3
3. Organisasjonen .....	4
4. Aktivitet i 2020 .....	6
4.1. Revidering av forvaltningsplan og tiltaksprogram .....	6
4.2. Miljøundersøkingar .....	7
4.3. Avløpssektoren .....	8
4.4. Gjennomføring av tiltak i inneverande tiltaksprogram .....	9
4.5. Medverknad og informasjon .....	9
4.6. Oppdatering og kompetanseheving .....	10
5. Rekneskap 2020 .....	10
Vedlegg 1 .....	11

Forsidebilde: Hildeelva, Stryn kommune (vann-nett ID 087-149-R). Foto: Staffan Hjohlman




## 1. Forord

Nordfjord vassområdeutval er eit samarbeidsorgan for kommunar, statlege styresmakter og fylkeskommunen, for å ivareta oppgåver etter vassforskrifta i vassområdet. Formålet med vassforskrifta er å «...sikre helhetlig beskyttelse og bærekraftig bruk av vannforekomstene» (vassforskrifta § 1).

I planperioden 2016 – 2021 skal vedteken forvaltningsplan og tiltaksprogram gjennomførast og ein revidert plan for neste planperiode (2022 – 2027) skal utarbeidast. Vassdraga og fjordane i vassområdet skal forvaltast på ein slik måte at miljømåla for kvart vassdrag og kvar kyst- eller grunnvassførekomst blir nådd. Vassområdet skal bidra til kartlegging av tilstand og påverknadar i vassførekomstane i vassområdet, og styresmaktene i vassområdet skal samarbeide om å velje naudsynte tiltak slik at miljømåla blir nådd.

## 2. Om Nordfjord vassområde

Nordfjord vassområde omfattar nedbørsfelt til Nordfjorden, Sildegapet og Frøysjøen, og når 1 nautisk mil ut forbi grunnlinja. Etter kommunesamanslåinga 01.01.2020 omfattar vassområdet kommunane Stryn, Bremanger, Gloppen, Stad (tidlegare Eid og Selje kommunar, utanom nordsida av Stadlandet), Kinn (nordre del, tidlegare Vågsøy kommune) og Volda (delen som tidlegare var Hornindal kommune). Vassområdet omfatta også Sunnfjord kommune nordaust for Skei (i tidlegare Jølster kommune), som drenerer til Nordfjorden, samt mindre deler av kringliggande kommunar.




Nordfjord vassområde ligg lengst nord i Vestland vassregion. Gul linje viser grensa mellom vassregionar. Lilla linjer viser grenser mellom vassområde. Grå, stipla linje viser grenser mellom kommunar i 2020. Fylkesgrensa er markert med grå, kraftigare stipla linje, der han ikkje samantfaller med vassregiongrensa.



### 3. Organisasjonen

Nordfjord vassområdeutval fungerer som styringsgruppe for arbeidet, med ein politisk vald og ein administrativ representant frå kvar kommune, i tillegg til representantar frå fylkeskommunen, Fylkesmannen, NVE, Mattilsynet, Fiskeridirektoratet, Statens vegvesen og Kystverket. Prosjektplanen for 2016 – 2021 omtalar bakgrunn, mål, organisering, oppgåver, framdrift og økonomi for vassområdeutvalet.

Kommunane har ei særrolle i vassområdeutvalet, m.a. i kraft av å vere areal- og planstyresmakt og ved å ha sektormyndre på område som landbruk, miljø, vatn og avløp, ureining etc. Vidare har kommunane eigne verkemidlar og/eller har delegert myndre frå staten. Kommunane som har ein stor del av arealet sitt innanfor Nordfjord vassområde har slutta seg til prosjektplanen ved politiske vedtak i 2015. Dette er kommunane Selje, Vågsøy, Bremanger, Eid, Hornindal, Stryn og Gloppen. Kommunesamanslåinga 01.01.2020 har medført at forpliktingane til Eid og Selje kommunar er overtatt av Stad kommune, forpliktingane til Hornindal kommune er overtatt av Volda kommune og forpliktingane til Vågsøy kommune er overtatt av Kinn kommune.



Prosjektgruppa er sekretariat og koordinator i arbeidet med å skaffe faglege opplysningar og informasjon til arbeidet. Prosjektgruppa er samansett av representantar frå administrasjonen i kommunane i vassområdet og vassområdekoordinator.

Det er oppretta ei referansegruppe for Nordfjord vassområde med medlemmar frå lag, organisasjonar og verksemdre. Referansegruppa skal vere talerøyr for ulike interesser, som for eksempel friluftsliv, reiseliv, energiproduksjon, landbruk, fiske, naturvern med meir. Medlemane får informasjon og invitasjon til møte, synfaringar med meir.

Vassområdekoordinator (prosjektleiare) er kontaktperson og sekretær for vassområdet, og utfører det daglege arbeidet. Vassområdekoordinator var i 2019 tilsett hos Sogn og Fjordane fylkeskommune i 100 % stilling (50 % på Nordfjord vassområde og 50 % på Sunnfjord vassområde) og hadde kontorstad på Sandane i Gloppen kommune.

Drifta av vassområdet er finansiert gjennom eit spleiselag mellom kommunane (50 %), fylkeskommunen og Fylkesmannen (50 % til saman), som skildra i prosjektplanen. I tillegg til dei ordinære driftsmidlane har Nordfjord vassområde fått tilskot frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane til kunnskapsinnhenting (sjå rekneskap).





### Vassområdeutvalet 2020

Medlem	Politisk representant	Administrativ representant
Gloppen kommune	Olav Klungre, <b>leiar</b> Vara: Leidulf Gloppestad	Trine Alme Stedf: Bernt Reed
Bremanger kommune	Anne Kristin Førde, <b>vara for leiar</b> Vara: Magne Kjerpeset	Magnhild Myklebust Stedf: Bjørn H Marthinussen
Stryn kommune	Kjell Ove Bergset Vara: Frode Briksdal	Odd Rønningen / Sonja Servan
Stad kommune	Einar Oddgeir Midtun Vara: Anita Hoddevik	Stanislawa Voldsund / Trine Alme
Kinn kommune	Monica Kråkenes Vara: Edvard Iversen	Eir Hol / Audun Korneliussen
Volda kommune	Sølvi Dimmen Vara: Sverre Leivdal	Ståle Hatlelid
Sogn og Fjordane fylkeskommune		Merete Farstad
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane		John Anton Gladsø / Joachim Bråthen Schedel
Fiskeridirektoratet region Vest		Ola Midtun Stedf: Anders Ommundsen
NVE Region Vest		Stein W. Johansen
Kystverket vest		Turid Susort Jansen
Mattilsynet Sør og Vest, avd Nordfjord		Are Natland Bøe
Statens vegvesen Region Vest		Alana Shanks

### Prosjektgruppa 2020

Trine Alme / Bernt Reed	Gloppen kommune
Magnhild Myklebust	Bremanger kommune
Odd Rønningen / Sonja Servan	Stryn kommune
Stanislawa Voldsund / Trine Alme	Stad kommune
Eir Hol / Audun Korneliussen	Kinn kommune
Ståle Hatlelid	Volda kommune
Staffan Hjøhlman	vassområdekoordinator



## 4. Aktivitet i 2020

I 2020 var det meste av arbeidet i vassområdet knytt til revidering av regional vassforvaltningsplan og tiltaksprogram for 2022-2027. For det første var det mykje samarbeid mellom kommunane og vassområdekoordinator for å føreslå og legge inn nye tiltak i vann-nett. Fylkesmannen kvalitetssikra kunnskapsgrunnlaget i vann-nett i samarbeid med vassområdekoordinator. Innhald i vassforvaltningsplanen vart behandla av Vassområdeutvalet. Men det vart i tillegg noko aktivitet for å betre kunnskapsgrunnlaget. Kommunane tok vassprøver for å skaffe betre grunnlag for tilstandsvurdering og behov for tiltak. Fem vassområde gjekk saman om å leige konsulent til å undersøke sjøaurevassdrag. Fylkesprosjektet om avløp vart avslutta.

(Aktiviteter nr 1-20, nedanfor, refererer til Aktivitetsplan for Nordfjord vassområde 2020).

### 4.1. Revidering av forvaltningsplan og tiltaksprogram

Regionalt tiltaksprogram viser kva som må gjerast for å nå miljømåla for økologisk og kjemisk tilstand i vassdrag, sjø og grunnvatn.

Dei regionale planane for vassforvaltning 2016 – 2021 i Sogn og Fjordane vassregion og Hordaland vassregion, med tilhøyrande tiltaksprogram, skal reviderast for perioden 2022 – 2027. Dei to vassregionane er slått saman til Vestland vassregion frå 01.01.2020, og den reviderte planen vil gjelde den nye vassregionen. Nordfjord vassområde held fram som eitt av 9 vassområde i Vestland vassregion. Etter kommunereforma er det nokre endringar i kva for kommunar og fylke som ligg innanfor vassområdet. Dette er omtalt i avsnitt 2, ovafor. Prosessen med tidsfristar er vist i tabellen nedanfor.

Tidsfristar for revideringa (oppdatert 22.02.2021). Nasjonale frister er utheva:

<b>01.04. – 30.06.2019</b>	<b>Høyring av Planprogram og Hovudutfordringar</b>
01.01.2020	Frist for kommunar å spele inn forslag til tiltak innanfor eigen sektor
01.02.2020	Frist for statlege styresmakter å legge inn forslag til tiltak i vann-nett
Nov-des 2020	Vassområdeutvala sendte innspel til fylkeskommunen (Vassregionstyresmakt)
Februar 2020	Vestland vassregionutval slutta seg til høyringsutkast
mars 2020	Hovudutval for næring og fylkesutvalet legg planen ut på høyring
01.04. – 30.06.2021	Høyring av vassforvaltningsplan og tiltaksprogram
<b>Seinast 31.12.2021</b>	<b>Fylkestinga vedtar vassforvaltningsplan og tiltaksprogram</b>
<b>Seinast 28.02.2022</b>	<b>Direktoratane sender sin tilråding til Klima- og miljødepartementet, etter å ha sikra at nasjonale føringar og forskriftas krav er følgt opp.</b>
<b>Våren 2022</b>	<b>Departementa godkjenner planen og rapporterer til ESA.</b>

Når tiltaksprogrammet for planperioden 2016 – 2021 vart laga hadde vi lite kunnskap om både tilstand og kva påverknader som hadde betydning i mange av vassførekomstane i Sogn og Fjordane vassregion. Miljøovervaking og problemkartlegging er difor dei vanlegaste tiltaka i gjeldande tiltaksprogram. Etter at desse tiltaka no er gjennomført, er kunnskapsnivået no tilstrekkeleg til at kommunane, fylkesmannen og statlege styresmakter no har føreslått miljøforbetrande tiltak i det reviderte tiltaksprogrammet for 2022 – 2027.



Aktiviteten i vassområdet har i stor grad dreia seg om å hente inn forslag til tiltak frå kommunane og kvalitetssikre desse. Det er for det meste innanfor avløp, jordbruk, forbygging, kantvegetasjon og vegkulvertar som kommunane har føreslått tiltak. Vassområdekoordinator har lagt tiltaka inn i Vann-nett og har via mykje tid til å kvalitetssikre kunnskapsgrunnlaget og rette opp feil.

#### **Kvalitetssikring av kunnskapsgrunnlaget i Vann-Nett (Aktivitet nr 1)**

Vassområdekoordinator hadde kontakt med administrasjonen i dei einskilde kommunane med epost og telefon for å legge plan for vassprøvetaking, og fiskebiologisk undersøking av sjøaurevassdrag.

Vassområdekoordinator har hatt jamleg kontakt med Fylkesmannen om oppdatering av kunnskapsgrunnlaget i vann-nett.

#### **Nye tiltak for å nå miljømåla (Aktivitet nr 2)**

Kommunane spelte inn tiltak i slutten av 2019 og ut over i 2020. Vassområdekoordinator hadde kontakt med administrasjonen i dei einskilde kommunane med epost og telefon for å kvalitetssikre og supplere innspela, og legge dei inn i databasen Vann-nett.

#### **Drikkevatt eller badeplassar (Aktivitet nr 3)**

For å verne drikkevasskjelder og badeplassar kan styresmaktene føreslå strengare miljømål enn standard, som er god økologisk tilstand (godt økologisk potensial for sterkt modifiserte vassførekomstar) og god kjemisk tilstand. Mattilsynet og Miljødirektoratet gav kommunane i oppdrag å registrere drikkevasskjelder og badeplasser i eit nasjonalt register. Miljødirektoratet har lagt desse opplysningane inn i Vann-nett der det no går fram kva for vassførekomstar som er drikkevasskjelde og har badeplasser. Ingen av kommunane i Nordfjord vassområde kom med innspel om strengare miljømål.

## **4.2. Miljøundersøkingar**

#### **Vassprøvetaking (Aktivitet nr 5)**

Føremålet med vassprøvene var å avklare økologisk tilstand og effekt av påverknader i utvalde vassførekomstar. Vassprøver vart tatt i 25 vassførekomstar (elv og innsjø) for analyse av mellom anna næringsstoff, organisk stoff og bakteriar. Vassområdekoordinator organiserte prøvetakinga, medan tilsette i kommunane tok prøvene i felt. Prøvene vart stort sett tatt mellom 3 og 4 gonger på kvar stad. Prøvene vart analysert av Vestfold LAB AS, som Vestland fylkeskommune har rammeavtale med. Vedlegg 1 gir ei oversikt over vassførekomstar der det vart tatt vassprøver. Resultata er registrert i Miljødirektoratets database vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no>), og er ein del av datagrunnlaget for fastsetting av økologisk tilstand.



### Sjøaure og vandringshinder ved kommunale vegar (Aktivitet nr 6 og 8)

Undersøking av sjøaurevassdrag vart gjennomført av NORCE (Norwegian Research Center) i 2020. Oppdragsgjevar var Vestland fylkeskommune, på vegne av vassområda i Nordfjord, Sunnfjord, Indre Sogn, Ytre Sogn og Voss-Osterfjorden. Fylkesmannen gav tilskot til prosjektet. Undersøkinga omfatta habitatkartlegging, identifisering av fysiske inngrep (mellom anna vandringshind er under kommunale vegar), elektrisk fiske og anbefalingar av tiltak. Rapportfristen er 01. april 2020. Vassdrag som vart undersøkt går fram av Vedlegg 1.




Kulvert nedstraums  
Deknepollvatnet  
Kinn kommune.

### Synfaring (Aktivitet nr 9)

Stryn kommune og vassområdekoordinator deltok på synfaring til Storelva i Innvik, arrangert av NVE. Tema var flaumsikring.

Kommunane observerer eventuelle påverknader og teikn på ureining når dei tar vassprøver (aktivitet nr 5).



Storelva i Innvik,  
Stryn kommune

## 4.3. Avløpssektoren

### Oppfølging av fylkesprosjektet om avløp (Aktivitet 8)

Avløpsprosjektet er eit samarbeid mellom fylkeskommunen og Fylkesmannen i Vestland. Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) fekk oppdraget etter ei tilbodsinnhenting i 2018. Prosjektet er ei vidareføring av eit forprosjekt utført av fylkeskommunen. Då prosjektleiar hos fylkeskommunen slutta i stillinga si i september 2019, overtok vassområdekoordinator for Nordfjord den vidare oppfølginga av prosjektet. Prosjektet er 3-delt:

Del 1: Validere vassførekomstar påverka av avløp i samarbeid med kommunane

Del 1 Opsjon: Inspeksjon og registrering av avløpsanlegg

Del 2: Kommunane som ureiningsmynde

Del 1 og 2 er finansiert av fylkeskommunen med delfinansiering frå Miljødirektoratet. Rapportar vart levert og godkjent i 2020. Del 1 har resultert i ein rapport med vurdering av påverknadsgraden for spreidde avløp. Fylkesmannen har brukt vurderingane som eit grunnlag for definering av påverknadsgrad i Vann-nett. Del 2

Del 1 opsjon er finansiert av vassområda. Kostnaden vart fordelt etter tal undersøkte anlegg i kvart vassområde. Alle kommunane i vassområdet responderte positivt og spelte inn bustadområde som





skulle undersøkast. 5 – 19 mindre avløpsanlegg per kommune vart inspisert av studentar frå NMBU sommaren 2019. Kommunane valde bustadområde som skulle undersøkast. Rapportar om kvart anlegg er oversendt til den einskilde kommune, medan ein oppsummeringsrapport er lagt ut på vannportalen.no. Resultata gir eit hint om tilstanden for mindre avløpsanlegg i Sogn og Fjordane, og er eit av grunnlaga for kommunanes innspel til tiltak i revidert tiltaksprogram.

Rapportane frå kvart delprosjekt er tilgjengeleg på [vannportalen](https://www.vannportalen.no).

#### 4.4. Gjennomføring av tiltak i inneverande tiltaksprogram

##### Status for tiltaksgjennomføring (Aktivitet nr 14)

Etter kvart som tiltak blir gjennomført skal status oppdaterast i Vann-nett. Ved innlegging av nye tiltak i vann-nett tok vassområdekoordinator ved behov kontakt med einskilde kommunar for å oppdatere status for gjennomføring av tiltaksprogrammet (2016-2021).

#### 4.5. Medverknad og informasjon

##### Vassområdets heimeside på vannportalen (Aktivitet nr 16)

I 2020 vart nettstaden «vannportalen» fornya. Vassområda har eigne sider og vassområdekoordinator har fått opplæring i å oppdatere innhaldet på den nye sida til Nordfjord vassområde: <https://www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/vassomrade/nordfjord/>.

##### Møte i vassområdeutvalet og prosjektgruppa (Aktivitet nr 17)

I 2020 arrangerte vassområdet møte som vist nedanfor. Referat frå møta finn ein på <https://www.vannportalen.no/vannregioner/vestland/vassomrade/nordfjord/>, under menypunktet «Møte, referat».

Vassområdeutvalet	27. mai og 1. desember
Prosjektgruppa	12. mars og 19. november

##### Informasjon til referansegruppa (Aktivitet nr 18)

Tidlegare år har referansegruppa vore invitert til møta i vassområdeutvalet for å bli orienterte om arbeidet. I 2020 vart møta gjennomført digitalt for å førebygge smitte med covid19. Det vart då valt å avgrense tal deltakarar til kommunanes representantar.

Vassområdekoordinator heldt innlegg om arbeidet i vassområda på digitalt regionmøte i Norske Lakseelvar 23. september.



## 4.6. Oppdatering og kompetanseheving

### Deltaking på møte, fagtreff og seminar (Aktivitet nr 20)

Vassområdekoordinator har deltatt på følgjande arrangement:

- Miljø i regulerte vassdrag. Seminar om regulantprosjektet «Fisk i regulerte vassdrag i Sogn og Fjordane». Arrangør: Vassdragsregulantane i Sogn og Fjordane. 9. januar.
- Møte i Vestland fylkeskommune om handlingsplan for landbruk 21. januar.
- Sjøaurekonferanse i Trondheim 29.-30. januar.
- Møte med Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune om tiltak knytt til veg 3. april.
- Seminar om folkeforskning. Miljødirektoratet 24. april.
- Møte med regional referansegruppe, vassregion Vestland, 16. juni.
- Webinar/kurs med Miljødirektoratet om vann-nett 9. september, 5. oktober og 4. november.
- Restaureringsseminar 10.-11. september. Miljødirektoratet.
- Om lag 10 digitale møte mellom vassområdekoordinatorar i Vestland, Fylkesmannen og vassregionstyresmakt i Vestland om kunnskapsgrunnlag, overvaking og tiltaksprogrammet.
- Møte i Vestland vassregionutval 20. oktober.
- Innlegg på møte med direktoratsgruppa og nasjonal referansegruppe 27. oktober.
- Planseminar 10. november, arrangert av vassområda Haldenvassdraget, Glomma Sør, Morsa og Øyeren.

## 5. Rekneskap 2020

Rekneskapen for 2020 er presentert i vedlegg, saman med budsjett for 2020 og 2021.



## Vedlegg 1

### Oversikt over miljøovervaking i regi av Nordfjord vassområde i 2020.

Vassprøver vart tatt av kommunen 3-4 gonger i 2020. Undersøking av fisk vart utført av NORCE, og omfatta habitatkartlegging, elektrisk fiske og anbefaling av tiltak.

#### Bremanger kommune

Vassførekomst	ID	Påverknadstype	Type undersøking
Dalevassdraget, Bremangerlandet	090-11-R		Fisk, botndyr
Haugselva, Bremangerlandet	090-6-R		Fisk, botndyr
Førdselva, Bremangerlandet	090-4-R		Fisk, botndyr

#### Gloppen kommune

Vassførekomst	ID	Påverknadstype	Type undersøking
Gloppefjorden, bekkefelt aust	087-124-R	Spreidde avløp	Vassprøver 6 elvar
Breimsvatnet	087-1800-L	Renseanlegg	Vassprøver i utløpet
Årdalselva	087-29-R	Spreidde avløp	Vassprøver
Sandalselva	087-44-R	Jordbruk	Vassprøver 2 elveløp
Storelva, Breim	087-10-R	Renseanlegg	Vassprøver 3 stadar
Storelva, bekkefelt nedre del	087-116-R	Jordbruk	Vassprøver

#### Kinn kommune

Vassførekomst	ID	Påverknads- type	Type undersøking
Refvikelva	091-28-R	Jordbruk, spreidde avløp	Vassprøver elv og vatn, Fisk, botndyr
Fosselva	091-30-R		Vassprøver, Fisk
Vågsøy bekkefelt	091-39-R		Vassprøver (Halsørsanden og Sætresanden) Fisk (Rinden)
Bekk frå Deknepollen	091-20-R	Spreidde avløp Bekkeluking	Vassprøver Fisk
Bekkefelt - Vågsøy kommune fra Tennebø til og med Bryggja	089-102-R	Spreidde avløp	Vassprøve (elv Skavøypollen) Fisk - « -
Vågsøy Okshola		Spreidde avløp	Vassprøver



**Stad kommune**

Vassførekomst	ID	Påverknadstype	Type undersøking
Dalsbøvassdraget (Ervikelva)	091-17-R	Spreidde avløp	Vassprøver
Hoddevikelva	091-21-R	Spreidde avløp	Vassprøver 2 stadar
Hamreelva, Selje	091-24-R		Fisk
Flatrakelva	091-25-R		Fisk, botndyr
Bekkefelt - Vågsøy kommune fra Tennebø til og med Bryggja	089-102-R	Spreidde avløp	Vassprøver Noraelva
Kjølsdalselva, nedre	089-7-R	Spreidde avløp	Vassprøver
Stårheimselva	089-4-R	Jordbruk	Vassprøver 2 stadar
Torvikelva i Eid, nedre	089-3-R	Jordbruk	Vassprøver 2 stadar
Remmedalselv øvre	089-93-R	Jordbruk	Vassprøver 2 stadar
Hjelmeland		Kompostanlegg	Vassprøver
Hjalma midtre, bekkefelt	089-57-R	Jordbruk	Vassprøver Bakkelva
Hjalma øvre med bekkefelt	089-54-R	Spreidde avløp	Vassprøver Espe bru
Hjalma nedre	089-56-R	Jordbruk, spreidde avløp	Vassprøver 2 stadar
Eidselva	089-17-R	Industri	Vassprøver 2 stadar
Eidsfjorden sør	089-39-R	Spreidde avløp	Vassprøver Hundeide
Leivdøla mot Stigedalen	089-62-R	Avfallsdeponi, skytebane, spreidde avløp	Vassprøver
Eidsfjorden sør	089-39-R	Spreidde avløp	Vassprøver Hundeide